



# Skuld

- **Sjå på denne guten her, kva slags følelse trur de han har?**  
(Han kjenner skuld. Akkurat som den figuren.)
- **Kva trur de har skjedd som gjorde at han kjenner skuld?**  
(Oppmuntre barna til å kome med historier eller forklaringar. Hjelp til ved behov. Når vi føler skuld er det ofte fordi vi har gjort noko vi ikkje hadde lov til eller noko som blei dumt for nokon andre. Kanskje guten har sagt noko litt dumt til eit anna barn i barnehagen? Eller øydelagt noko? Kanskje har han tatt noko som ikkje var lov å ta?)
- **Kva trur de guten har lyst til no?**  
(La barna kome med forslag, men hjelp til ved behov. Kanskje han har lyst til å bli venner igjen? Eller kanskje leike med noko heilt anna? Eller kanskje han har lyst til å seie unnskyld?)
- **Kva trur de dei vaksne i barnehagen kan gjere slik at guten synes det går greitt å føle skyld, eller føle mindre skyld?**  
(Dei vaksne i barnehagen kan til dømes gå bort til guten og spørje kva han tenker på, eller om kva som har skjedd. Dei kan seie at dei forstår at han har det litt leit/dumt, og spørje kva som kan gjere det betre. Kanskje kan den vaksne hjelpe til med å bli vennar igjen? Eller hjelpe barnet å reparere det som har blitt dumt? Kva meir syns de dei vaksne skal gjere når eit barn har det slik?)



## Til dei eldste barna:

- **Kva trur de han tenker på?**  
(La barna kome med døme, hjelp til ved behov. Kanskje han tankane hans tenker om igjen og om igjen over det han har gjort? Kanskje lurar han på om han kjem til å få kjeft? Eller han angrar på det han gjorde? Når vi har skuldfølelse får vi ofte tankar som gjer at vi får det enda verre.)
- **Finst det ulike måtar å ha skyldfølelse på?**  
(Nokon vil kanskje gråte litt, andre gjer ikkje det. Nokon vil kanskje gøyme seg, andre vil kanskje få ein klem eller trøyst. Det er lov å ha følelsar på forskjellige måtar, vi er alle litt ulike og det er fint.)